



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr: 324.1

Sak nr 11/2014

Møtedato: 15.1.14

Møtestad: Slidretun

Saksbehandlar: Harald Ranum

Høyring, søknad frå FBR om å stenge vegen over Flydammen.

NVE har sendt søknad frå FBR om stenging av vegen over Flydammen ut til høyring. Frist for å gi uttale er 3. februar.

FBR søker om å stenge vegen i 3 månader frå veke 17. Dette betyr at vegen blir stengt etter påske og kanskje heilt fram til ca 25. juli.

FBR skriv følgjande i sin søknad:

Foreningen til Bægnavassdragets Regulering (FBR) har i medhold av konsesjon av 15.2.1957, tillatelse til å regulere Flyvatn i Vestre Slidre. Reguleringsdammen (klasse I) ble bygget i årene 1957 - 1958.

Den private vegen "Panoramavegen" mellom Vestre Slidre og Hemsedal går over dammen. Over overløpet er det en kjørebri, opprinnelig bygget for et akseltrykk på 10 tonn. FBR fikk vurdert kapasiteten til brua i 2013, ut fra dagens regler for slike bruer. Beregninger utført av Norconsult AS, anbefaler i rapport datert 8.4.2013, at akseltrykket begrenses til 5 tonn og at hastigheten settes til 30 km/t.

Resultatet ble fremlagt for Vestre Slidre kommune og Panoramavegen SA i møte 18.6.2013, der det var enighet om at tiltak for å forsterke kjørebri over overløpsseksjonen måtte igangsettes så snart som mulig. FBR har med bakgrunn i ovennevnte planlagt å utføre arbeidene med å forsterke brua våren og forsommeren 2014.

Løsningen som er valgt, er å støpe en ny armert plate oppå eksisterende kjørebri. I tillegg skal pilarene forsterkes og nytt rekkverk monteres. Det forutsettes at anleggsstart blir umiddelbart etter påske, dvs. uke 17/2014. Anleggsperioden antas å bli ca. 3 mnd., slik at vegen over dammen trolig ikke kan åpnes før felleferien.

Av sikkerhetsmessige, praktiske og økonomiske årsaker må dammen og brua stenges for trafikk i dette tidsrommet. I den anledning viser vi til konsesjonsbetingelsene, pkt. 12, hvor det bl.a. fremgår: "Veier og bruer som konsesjonæren anlegger, skal stilles til fri benyttelse for allmennheten, for så vidt departementet finner at dette kan skje uten vesentlige ulemper for anleggene."

Da behovet for å stenge for all trafikk over dammen er begrenset til 2 - 3 mnd. og på en tid det er lite trafikk i fjellet, vil ulempene være relativt små. Det har så langt kun vært nevnt behov for å frakte husdyr til beite på vestsiden og noe anleggstrafikk i tilknytning til rensk av stikkrenner m.m. Trafikken må i anleggsperioden omdirigeres ved skilting med alternativ omkjøring via Fv 151 og 152 til Hemsedal. FBR vil sette opp skilt på hensiktsmessige steder, som viser at veien via dammen er stengt og hvilken omkjøringsmulighet som anbefales. Det skiltes i dag for akseltrykkbegrensning 5 tonn, ved Ulsåk i Hemsedal (Fv 231), Vaset (Panoramavegen) og Fjellbu (Tisleivegen), i tillegg til skilter på begge sider av dammen.

FRB skriv at stenging vil skje på ei tid det er lite trafikk i fjellet, og viser til at det har vore nemnt behov for å frakte husdyr på beite og grøfterensk. Dette kunne kanskje vore tilfelle om vegen ikkje hadde vorte stengt meir enn 2 månader. Etter denne tid er dette den tid på året det er mest trafikk i fjellet. Dette gjeld både dei som driv stølsbruk, fastbuande, hytteeigarar og tilreisande turistar. Det er mykje trafikk frå veke 26 og særleg i felleferien.

For fjellstyret vil manglande ferdsel over Flydammen sannsynlegvis føre til eit redusert salg av fiskekort og med det eit økonomisk tap. Dette gjeld særleg for felleferien, då vi har størst salg av fiskekort.

Det går fram av søknaden at det er brua som skal utbetrast, ikkje resten av demninga. Strekninga som skal utbetrast er markert på karet og utgjør ca 110 meter. Det er vanskeleg å forstå at utbetring av ein så kort strekning skal ta 3 månader. Arbeidet bør kunne gjerast på langt kortare tid om det blir sett på tilstrekkelig mannskap.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret meiner at stenging av vegen i så lang periode vil vera til vesentlig ulempe jf. vilkåra i konsesjon og fjellstyret tilrår at NVE gir løyve til stenging avgrensa opp til 2 månader frå veke 17.

Vedtak:

Fjellstyret meiner at stenging av vegen i så lang periode vil vera til vesentlig ulempe jf. vilkåra i konsesjon og fjellstyret tilrår at NVE gir løyve til stenging avgrensa opp til 2 månader frå veke 17. Vegen kan ikkje vera stengt etter 1. juli då det er stølsdrift og mjølkelevering i området.

Vestre Slidre fjellstyre den 16.1.14

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: NVE
Vestre Slidre kommune
Panoramavegen